



Etne kommune



OVERSIKTSPLAN FOR SKOGBRUKET i Etne kommune.

Desember 1999.

INNHold

Sammendrag.....	3
1. INNLEIING.....	4
1.1 Bakgrunn.....	4
1.2 Føremålet med planen.....	4
1.3 Planstatus.....	5
1.4 Skogadministrasjonen.....	5
2. NATURGRUNNLAGET.....	6
2.1 Skogressursane.....	6
2.2 Eigedomstilhøva.....	8
3. STATUS OG UTVIKLINGSTREKK.....	8
3.1 Skogkultur.....	8
3.2 Avverking.....	9
3.3 Skogbruksplanlegging.....	9
3.4 Avsetnad.....	10
4. HANDLINGSPROGRAM.....	10
4.1 Overordna målsetting.....	10
4.2 Strategi for skogbruket.....	10
4.3 Konkrete mål.....	11
5. MILJØOMSYN VED SKOGBRUKSTILTAK.....	12
5.1 Biologisk mangfold og omsyn ved skogbrukstiltak.....	12
5.2 Omsyn til kulturminne ved bygging av skogsveg.....	14
6. HOVUDPLAN FOR SKOGSVEGAR.....	15
6.1 Innledning.....	15
6.2 Nøkkeltal.....	15
6.3 Eksisterande vegar.....	16
6.4 Foreslåtte tiltak.....	17

SAMANDRAG

Føremålet med oversiktsplanen er å skapa eit planverktøy for å auka verdiskapinga i skogbruket der omsynet til miljøverdiane er ivaretatt. Planen er ein temaplan med heimel i Skogbrukslova.

Etne har eit drivverdig skogareal på 40.000 da med ein årleg tilvekst på 15.000 m³. Årleg hogstuttak ligg anslagsvis i snitt på ca. 2.000 m³ for sal og 2.000 m³ til eige bruk. Mesteparten av tømmeret vert seld til større kjøparar utanfor kommunen. Lokalt er det få og små tømmerkjøparar. På gardssagene, 6 i talet, vert det foredla ein del tømmer, men kapasiteten vert ikkje utnytta. Saga på Tongane er no solgt og flytta ut av kommunen. Der vart det i dei seinare åra sagt omtrent 140 timer per år. Utsiktene for tømmeravsetninga framover er gode, bortsett frå for furuslip.

Aktiviteten innanfor planting har gått nedover dei siste 10 åra. Bygging av nye skogsvegar har gått ned på 90-talet i høve til byggjeaktiviteten på 80-talet. Ungskogpleieaktiviteten har i løpet av dei 5 siste åra gått opp.

I arealdelen til oversiktsplanen er framtidige tilkomstvegar innteikna. Desse er lagt i område av kommunen som er definert som viktige for skogbruk. Områdene aust for Kyrping og innover Åkrafjorden er definert som mindre viktige for skogbruk. Framtidige tilkomstvegar for desse områda er difor ikkje tekne med i planen.

Kommunen sin strategi for skogbruket er å arbeida for: Auka avverking og verdiskaping, tilfredsstillande forynging og ungskogpleie, ivareta det biologiske mangfaldet og miljøverdiane ved alle tiltak og større lokal foredling av skogsvirke. For å oppnå dette vil m.a. kommunen oppretthalde dei støtteordningane han i dag har til skogkultur og prioriterte næringstiltak. I samband med dette er det svært viktig at dei som eig skogen sjølve kjem meir på banen og driv aktivt og benytter seg av dei gode tilskotsordningane som finst.

Hovedplan for skogsvegar syner at det er stor transportgevinst knytta til opprusting av delar av det kommunale vegnettet og nokre av skogstraktorvegane. Det vil også vere lønsomt å bygge nye skogsbilvegar og traktorvegar i areal der samla kubikkmasse er stor.

1. INNLEIING

1.1 Bakgrunn

I Stortingsmelding nr.46 (1988-89) legg Regjeringa avgjerande vekt på at omsynet til ei bærekraftig utvikling vert innarbeidd i all samfunnsplanlegging og sektorpolitikk. På denne bakgrunn tilrådde Landbruksdepartementet i Stortingsprp.nr.8 (1992-93), «Landbruk i utvikling», at det vert utarbeidd kommunevise, tiltaksretta oversiktsplanar for skogbruket. Stortinget slutta seg til dette.

Ei registrering av skogressursar i kommunen og utnytting av desse vart i 1990 utarbeidd av skogmester Sigmund Hage. Oversiktsplanen som no er utarbeidd er ei revidering og vidareføring av Hage sin tiltaksplan.

I sak 15/98 gjorde Komite Natur samrøystes vedtak om at Etne kommune skal starta opp arbeidet med å laga «Oversiktsplan for skogbruket i Etne» i samsvar med seksjonsjefen si innstilling og sentrale retningslinjer.

Komiteen oppnemnde denne prosjektgruppa for gjennomføring av planarbeidet:

- Frå administrasjonen: skog-og utmarkskonsulent Annbjørg Bue (leiar) og miljøvern- og kulturansvarleg Erik Kvalheim
- Frå komite Natur: Johan Kringlebotteen med vara Einride Åkra
- Ein representant frå Etne Bondelag (Leif Bjarte Halleland)
- Ein representant frå Etne naturvernforbund (Ivar Auestad)
- Ein representant frå Etne Bonde- og småbrukarlag (Geir Arne Eikemo)
- Ein representant frå Etne skogeigarlag (Ove Ekrheim)

Gruppa har hatt 2 møte. På 1 av desse møta var også plankonsulent Ivar Kalkvik til stades som observatør. Arbeidet med planen vart utført i 1998/1999 og planforslaget vart presentert oktober 1999 på Etne Tinghus og på same tid sendt på høyring til landbruksavdelinga og miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland, kulturseksjonen hos Hordaland Fylkeskommune, Etne Bondelag, Etne skogeigarlag og Etne naturvernforbund. Plandokumentet vart ferdigstilt desember 1999 og skal opp som orienteringsak for kommunestyret på nyåret år 2000. Skriftleg uttale vart gitt frå dei to førstnemte instansane og momenta dei peika på er forsøkt fletta inn i planen.

1.2 Føremålet med planen

Målet med planarbeidet er å fremje aktivitet og stimulere til tiltak. Planen skal medvirke til at ressursgrunnlaget for skogbruket vert ivaretatt ut i frå ei heilskapleg vurdering og at forvaltninga av skogressursane når nasjonale skogpolitiske mål.

Dette er tenkt gjort ved å:

- Synleggjere skogbruket sine arealinteresser i høve til andre sektorar og kommunale mål.
- Visa trongen for infrastruktur (tilkomstveggar)
- Avgrensa dei areala i kommunen der det kan drivast eit økonomisk lønsamt skogbruk.
- Målretta verkemiddelbruken i høve til måla i skogpolitikken.

- Integrere omsyn til friluftsliv, kulturminnevern og miljøvern i planlegging av tiltak
- Samordne og lage oversikt over ulike planar som alt finst eller er under utarbeiding
- Målretta arbeid i næringa retta mot verdiskaping og sysselsetjing
- Gjennomføre ein prosess der ulike interessegrupper er invitert til å delta.

1.3 Planstatus

Oversiktsplanen er utarbeidd med heimel i «Lov om skogbruk og skogvern». Planen følgjer retningslinjer frå Landbruksdepartementet, Fylkesmannen og kommunen. Kommunen, som skogoppsyn, har utarbeidd planen, og Fylkeslandbruksstyret, som overordna skogoppsyn, skal godkjenne planen. Planen skal vere eit grunnlag for kommuneplanlegginga, og kan i etterkant gjevast status som tematisk kommunedelplan. Dette vil bli tatt opp ved neste revisjon av kommuneplanen.

Oversiktsplanen gir ingen juridiske bindingar og kan berre sjåast på som vegleiar. Det er den einskilde eigar som er avgjerdstakar og må sjølv vurdere om eit skogområde gir grunnlag for eit økonomisk og berekraftig skogbruk. Samstundes gir oversiktsplanen inga førehandsgodkjenning av einskildtiltak i skogbruket. Utbyggingstiltak må fremjast som egne saker.

1.4 Skogadministrasjonen

Komite natur heiter det politiske utvalget som handsamar saker vedrørande skogbruk. Dei fleste sakene innan dette fagområdet er til administrativ handsaming på landbrukskontoret ved skogbruksansvarleg. Administrativt er denne stillinga plassert under leiaren for avdelinga for landbruk og næring, som er ein del av seksjon Bygdeutvikling. Sjefen for seksjon Bygdeutvikling er direkte plassert under rådmannen. I kommunen er det tilsett ein landbruksavløysar i 1 og ½ stilling. Avløysaren skal også gjere skogsarbeid, men det har dei siste åra vore svært mykje sjukeavløysing. I dei 5 siste åra har difor det praktiske skogsarbeidet for det meste vorte utført av folk som ikkje er tilsett i kommunen, det vil seie grunneigarane sjølve og lokale skogsarbeidarar.

I dei siste 3 åra har Hordaland skogeigarlag hatt ein skogbruksleiar som har jobba i Sunnhordland. Han skal fungere som mellomledd mellom skogeigarane og entreprenørane og skal m.a. hjelpe til med å forhandle pris på hogstkontrakter. Han er også kursinstruktør for kursserien Aktivt Skogbruk og arbeider no for det meste med å slutføre skogbruksplanane i Etne og stiller gjerne opp på skogdagar med innlegg om m.a. omsetning og prisar. Det er etter vår vurdering svært viktig at Hordaland skogeigarlag har ein slik funksjon i distriktet. Organisering av skogsdrifter vil berre auke etter kvart som granskogen i kommunen blir hogstmoden.

2. NATURGRUNNLAGET

Kommunen er stor og langstrakt og naturtilhøva er svært vekslende. Mykje av berggrunnen er grunnfjell med granitt, gabro og gneiss. Større område med fyllitt finst på Skånevikshalvøya, sameleis i grenseområda mot Rogaland. I dei ofte brattlendte liene er det rikeleg med skredjord som gjev gode vokstervilkår for plante- og skogproduksjon.

Etne sine nåverande kommunegrensar grunnar seg på kommunerevisjonen frå 1964. Oppgåve frå Norges Geografiske oppmåling syner at kommunen har eitt totalareal på 708 km² fordelt slik:

Jordbruksareal	28 km ²
Skog	140 «
Myr og fastmark på utskifta grunn	29 «
Fjellområde	459 «
Vatn	30 «
Evig snø og is	16 «
Off.leg og private utbygg.føremål, vegar m.m.	6 «

Berre omlag 149 km² eller 19,7 % ligg lågare enn 300 m.o.h. Jamvel om Etne grensar til sjøen i ei lengd av 115 km strandline, og det også er ein god del flatlendt mark i dalbotnane, er det ein kommune prega av fjell og høglende. Skog veks det opp til 5-600 m.o.h. i dei indre delane av kommunen. I samband med skogreising er 350 m.o.h. sett som økonomisk høgdegrens for treslagskifte til gran.

Klimaet er som i midtre strok på Vestlandet prega av mykje nedbør og milde vintrar. I dei indre dalføra kan det likevel vere perioder med svært kaldt ver om vinteren, ned til minus 20-25 °C. Sameleis varmebolkar om sommaren med opptil 30 °C. Klimaet er høveleg for skogproduksjon. For t.d. gran må vilkåra reknast som optimale, jamn nedbør i veksttida og lang vekstsessong.

For skogsdrift skapar klimaet vanskar. Stor nedbør i form av regn og som ofast telefri mark mesteparten av haust- og vintermånadene. Driftsteknisk er tilhøva til dels vanskelege med bratte liar. Dette medfører at vegbygging er heilt nødvendig og fell relativt dyrt, og tyngre taubaneutstyr må til for å ta ut mykje av virket.

2.1 Skogressursane

Naturgrunlaget fører med seg at Etne ser grønt og frodig ut. Treslaga som dominerer skogbiletet er fyrst og fremst lauvskog av ymse slag. Særleg bjørk, older og ask. Samanhengande naturskogar av furu eller blandingskog av furu og lauvtre veks frå grensa mot Odda, langs heile Åkrafjorden (særleg på nordsida), kring tettstaden Skånevik og mesteparten av Skånevikhalvøya, sameleis frå grensa mot Ølen og oppover mot Litledalen. Skoggrensa mot fjellet vert for det meste dominert av lauvskog, særleg bjørk. Dette fjellskogbeltet er eit svært viktugt produksjons- og opphaldsområde for mange slags vilt, både fuglar og dyr.

I følge fylkesstatistikk for Hordaland 1999 er det i heile kommunen 70.700 da produktiv skog.

Hordaland skogeigarlag slutførte i 1999 områdetakst i det mest sentrale skogområda av kommunen, totalt 74.096 dekar. Av dette arealet kunne ca 40.000 da karakteriserast som produktivt og tabellen under gir m.a. oversyn over produktivt skogareal fordelt på treslag og bonitet.

AREALKATEGORI	AREAL/DA			PROSENT
Totalt skogareal:	74.096			
Produktivt skogareal	40.026			
Produktivt skogareal fordelt på treslag:				
	SUM	Hkl. 1-2	Hkl. 3-5	
Furuskog	11068	352	1071 6	28
Lauvskog	18974	2164	1681 0	47
Granskog	9984	3244	6740	25
Produktivt skogareal fordelt på bonitet:				
Høg bonitet (bonitetskl. 17-20-23-26)	10.386			26
Middels bonitet (bonitetskl. 11-14)	25.858			65
Låg bonitet (bonitetskl. 6-8)	3.782			9

Det er mykje hogstmogen lauv- og furuskog i kommunen. Ståande kubikkmengd gamal skog er i følge Hordaland Skogeigarlag (1999), innan økonomisk drivverdige område, rekna til 188.767 m³. Naturskogen har ein svært låg tilvekst, dels fordi han er gammal og dels fordi han er glissen. Gran produserer omlag 1,5 m³ per dekar og år meir enn furu og lauvskog på same areal. Mykje av granskogen vil først bli hogstmogen om 10-15 år.

Tabellen under syner hogstklassefordeling av det produktive arealet som vart taksert i 1999 av Hordaland skogeigarlag:

Hogstklasse	Forklaring	Dekar	%
1	Skogunder foryngelse	408	1
2	Foryngelse og ungsog	5352	13
3	Yngre produksjonskog	12484	31
4	Eldre produksjonskog	14500	36
5	Gammel skog	7282	18
	Sum produktiv skog	40026	100

Den totale tilveksten på dei produktivt drivverdige skogareala er rekna til 15.286 m³ per år. Økonomisk drivbart balansekvantum er anslagsvis 12.000 m³ per år. Tilvekstprosenten i hogstklasse 3 er 7,8 %, hogstklasse 4 4,4 % og hogstklasse 5 2,5 %.

2.2 Eigedomstilhøva

Landbruketjyinga frå 1989 deler skogeigarane i kommunen i storleiksklassar etter produktivt skogareal. Sjå tabellen under.

AREAL I DEKAR	TAL EIGEDOMMAR
under 25	71
25 - 99	117
100 - 249	129
250 - 499	96
500 - 999	38
1.000 - 1.999	19
2.000 - 4.999	4
5.000 og større	0
Sum eigarar	474

Gjennomsnittseigedommen i Etne er på vel 200 da, same som for Hordaland, men eit tal som er godt under landsgjennomsnittet. Dei fleste skogeigedommane blir drivne saman med jordbruk, der jordbruket står for hovudinntekta. Som del av inntekta betyr skogbruket mest på eigedomar der virket vert vidareforedla, enten ved eige sagbruk eller som ved.

Det kan vere ein skranke for skogbruket i Etne at skogeigedomane stort sett er små. Fylkesmannen oppfordrer i sin høyringsuttale kommunen om å vurdere å gje nye skogeigarar i kommunen driveplikt på skogarealene ved eigarskifte. Det kan gjerast ved at eigar kjøper skogbruksplan og at eigar i samarbeid med skogoppsynet legg ein plan for kva som bør gjerast.


3. STATUS OG UTVIKLINGSTREKK I SKOGBRUKSAKTIVITETEN

3.1 Skogkultur

Totalt er det planta 10.000 da i Etne kommune. Det er for det aller meste vanleg gran. Sitkagran, vanleg furu, lerk og andre treslag utgjer berre nokre få prosent. Granskogen utgjer i dag ca. 14 % av det produktive skogarealet. Dette talet syner at Etne har granskog på ein mindre del av det produktive skogarealet enn gjennomsnittet for Hordaland som er 21 %. Og sett i samanheng med at gran produserer om lag 1,5 m³ per dekar og år meir enn furu og lauv på same areal (kap. 2.1) burde det være rom for meir areal med granskog i Etne.

Etter at plantene er sett i jorda er det viktig at naudsynt arbeid som rydding og regulering, såkalt ungskogpleie, vert utført til rett tid. Statstilskot til bruk av kjemiske plantevernmidler i ungskogpleie vart tatt bort i 1990. Sprøyting av ungskog har seinare heilt blitt erstatta av manuelle metodar.

Tabellen under viser kor mykje areal det vart utført markberedning, planting og ungskogpleie på i perioden 1989-1998. Tabellen syner at i denne perioden har planteaktiviteten gått noko tilbake, mens ungskogpleieaktiviteten har gått opp



3.2 Avverking

Uttak av skogsvirke har svinga opp gjennom åra, i Etne som i resten av landet. Medvirkande faktorar til dette er tilsvarande svingingar i virkesprisane og offentlege verkemiddel, men vel så viktig er driftstilhøva og mogelegheitene for anna sysselsetjing.

Landbruksteljinga frå 1989 gir følgande tal omkring avverking:

55 av 474 eigedommar avverka for sal, eller 12 % av skogeigarane.	
Skurtømmer og massevirke for sal totalt	814 m ³
Ved til brensel	730 m ³
Salskvantum totalt	1.544 m ³
Til eige bruk, tømmer og ved	2.266 m ³
Sum	3.810 m ³

Tal frå årsmeldinga til skogavgiftsrekneskapen syner at det i gjennomsnitt for perioden 1996-1998 er innmeldt 658 m³ virke per år. Det er ein god del under dei tala som er henta frå Landbruksteljinga og dette pga. at berrre ein liten del av salsvirket blir meldt til Virkesdatabasen av dei som driv med småsalg.

3.3 Skogbruksplanlegging

I dei viktigaste skogstrøka i kommunen er det no laga skogbruksplanar for den einkilde eigedom. Dette arbeidet vart organisert som eit prosjekt mellom Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Skogeigarlag og Etne kommune. Under arbeidet vart hovedparten av all drivbar skog i kommunen taksert, med påfølgande tilbod til eigarane om å kjøpe plan for sin skog.

3.4 Avsetnad

Skurtømmer vert for det meste brukt innanbygds. 6-7 mindre sagbruk er framleis i drift jamvel om det dei skjer vanlegvis er små mengder. Noko sagtømmer har og vore levert til Granvin Bruk. Massevyrkje (slip) vert levert ut av bygda. Alt massevyrket går til cellulose- og papirfabrikkane Norske Skog Supply i Skogn, over samle plass på Bjoa. All omsetnad av offentleg målt tømmer går gjennom Hordaland Skogeigarlag. Omsetnaden av ved tek leverandørane seg stort sett av sjølve, men i dei siste åra har avseningsleddet Fjordaved A/S også omsett ved frå Etne. Lien trevarefabrikk tek i mot skurtømmer av lauv.

4. HANDLINGSPROGRAM

4.1 Overordna målsetting

I strategisk næringsplan for kommunen er det m.a. sett følgjande strategi for næringsutvikling: *Høgare utnyttingsgrad av dei lokale ressursane.*

Innanfor landbruket er potensialet for høgare utnyttingsgrad av dei lokale skogressursane stort. Ein kan t.d. peike på at:

- Avverkinga ligg på omkring 1/4 av det drivverdig balansekvantumet
- Ein stor del av salskvantumet vert vidareforedla utanfor kommunen

4.2 Strategi for skogbruket

For å oppnå høgare utnyttingsgrad av dei lokale skogressursane må vi arbeide for å:

- Auka avverkinga av gammal skog.
- Sikra ei tilfredstillande forynging og leggje til rette for rasjonell ungskogpleie.
- Planlegge tilkomstvegar i viktige område for skogbruk.
- Auka alternativ skogsetablering (pyntegrønt, juletre m.m.)
- Iveareta det biologiske mangfaldet og miljøverdiane ved alle skogbrukstiltak.
- Få større lokal foredling av skogsvirke.
- Ha skogbruksplan for alle eigedomar som ligg i område som er definert som viktige for skogbruk.
- Finne ein hensiktsmessig balanse mellom skogbruk og hjorteviltinteresser ved å regulere hjorteviltbestanden.
- Gjere folk merksam på dei verdiane som finst i skog og utmark.

4.3 Konkrete mål

Auka avverking.

Målet er å auka avverking av gamal skog til **12.000 m³ i året**, balansekvantumet. For å nå eit slikt mål er det fleire moment som spelar inn. Dei viktigaste er:

- sikker og stabil avsetnad og gode virkesprisar
- skogsvegbygging
- offentlege støtteordningar

Sikker og stabil avsetnad og gode virkesprisar er dei viktigaste faktorane for å nå målet om auka verdiskaping og sysselsetting i skogbruket. Desse faktorane er det vanskeleg å påverke lokalt. Skogsvegbygging er grunnlaget for så godt som all skogsdrift i kommunen. Einskilde eigedommar har no fått bra dekning med skogsvegar. Det er likevel langt fram før vegnettet er tilfredsstillande, og denne planen viser at det endå må byggjast ca. 17 km tilkomstvegar i skogane i Etne. Kommunal støtte til skogsvegbygging vart fjerna på slutten av 80-talet, noko som gjer bygging av tyngre traktorvegar og bilvegar til eit større økonomisk løft for den einskilde skogeigar. Statstilskottet kan dekke berre 40-60 % av investeringskostnaden til bygging av skogsveg. Allikevel er det klart lønnsomt å løyse ut dei sentrale skogområda med veg.

Forynging av hogstflatene

For å sikra og auka skogproduksjonen i framtida ser kommunen på skogkulturarbeid som ei høgt prioritert oppgave. Målet er å sikra ei tilfredsstillande forynging på alt areal som vert avverke, ved at marka sin produksjonsevne vert utnytta optimalt med tanke på skogproduksjon, med rett treslag på rett veksestad i jammast mulig fordeling.

På høg bonitet frå og med bonitet 17 blir det stort sett tilrådd å plante vanleg gran fordi dette vil gi høgast produksjon og best økonomi. Det er da ein føresetnad at treslagskifte ikkje er i konflikt med viktige miljøomsyn, omtala i kap.6. Tiltaksplanen frå 1990 viste at 21.400 da er eigna for treslagskifte i Etne. Ambisjonane i dag er å treslagskifte 100 da per år. På middels og låg bonitet bør lauvtre og furu foryngast naturleg. Det er ei målsetting å satsa meir på naturleg forynging der det høver enn kva tilfellet er i dag. Aktuelle tiltak er frørestillingshogst og markarbeiding.

I Etne er det forøvrig stor interesse for å rydde ein del av det gamle tilgrodde kulturlandskapet og reetablere det til beite. I 1999 vart det t.d innvilga tilskott til beiterydding på 140 dekar gammal beitemark som er igjengrodd med skog. Anslagsvis vil det i komande tiårsperiode bli rydda ca 1000 da beitemark. Ein del av denne ryddinga vil også bli gjort av lokale skogsarbeidarar.

Ungskogpleie og tynning.

I dei første åra etter at forynging er etablert på ei hogstflate må det utførast vegetasjonskontroll for å hindra at dei treslaga som ein ønskjer på veksestaden ikkje vert hemma eller utkonkurrerte. Dette arbeidet vert kalt ungskogpleie. I følge hovedtala frå taksten i 1999 er det ca 2000 dekar granskog, 2000 da lauvskog og 300 da furuskog i hogsklasse 1-2. For kommunen er det eit mål å arbeida for at aktiviteten innanfor ungskogpleie vert auka til 500 da per år mot ca. 250 da per år no.

I hogstklasse 3 er det taksert 12484 da. Anslagsvis 5.000 dekar av dette er lauv- og furuskog som kan tynnast. Til tynning av lauv- og furuskog blir det per i dag gitt eit arealtiskott på kr. 300 per dekar. Det er eit mål å auke tynningsaktiviteten til 300 dekar i året

Grøfting

Kommunen vil i utgangspunktet ikkje tilrå grøfting av myr for skogproduksjon. Økonomien er tvilsom. Dessutan har myr og våtmark viktige biotopfunksjonar for mange fuglar, dyr og planter. Unntaksvis kan det vere aktuelt å grøfta mindre myrar i tilknytning til plantefelt på fastmark. Det er også aktuelt å grøfta vassjuk skogsmark, noko som det også blir gitt tilskott til.

Lokal foredling

Kommunen vil arbeida for at ein større del av skogsvirket vert foredla lokalt ved:

- at ein større del av tømmerkvantumet vert skore ved lokale sagbruk.
- at mindreverdige virke (slip) kan utnyttast lokalt t.d. som bioenergi
- at omsetning av ved vert vidareutvikla gjennom høgare foredlingsgrader

Sysselsettingseffekt

Innsatsen for å kunne nå dei oppsette måla må skje ved bruk av eigeninnsats, entreprenørar, tilfeldig leid arbeidskraft eller dei kommunale landbruksvikarane. Arbeidet er ein inntekts- og sysselsettingsressurs som eigaren med fordel kan utføre sjølv dersom han har ledig tid. Om måla i planen vert oppfylde vil talet på årsverk som skogbruket vil kunne omfatte auke frå om lag 3 til 9 årsverk. Dette rekna med utgangspunkt i at eit hogstkvantum på 12.000 m³ krev 5 årsverk, 900 dekar skogkulturarbeid krev 1,5 årsverk og ringvirkningar i form av kjøring, reparasjonar, maskiner m.m. gir 2,5 årsverk.

5. MILJØOMSYN

5.1 Biologisk mangfald i skog i Etne og miljøomsyn ved skogbrukstiltak.

Lovverket pålegg oss å ta miljøomsyn i skogbruket. Det er forventa at i eit godt samarbeid mellom tiltakshavar og kommune skal begge partar legge fram eigen kunnskap om miljøverdiane i eit aktuelt driftsområde. Tiltakshavar bør såleis gi slik kjennskap ved melding om tiltaket til kommunen. I ein del tilfelle vil det vere råd å søke om særskilte midlar til arbeidet med å iverata miljøverdiane ved arbeid i skogen. I Etne er det gjennomført registreringar av biologisk mangfald i skog knytt til flora og fauna i 1996/1997 og i perioden 1997-99 blir det gjennomført viltkartlegging i kommunen. Einskildtiltak må sjekkast opp i mot registreringane. I områdene nevnt under må det takast særskilte omsyn ved ulike tiltak som t.d. hogst, forynging og vegbygging.

Område som er viktige for friluftsliv:

- Den gamle postvegen frå Etne til Skånevik som både er eit kulturminne og ein turveg..
- Bøkeskogen i Skånevik.
- Friluftsområdet på Osnes.
- Naturstien frå Honsvikjo til Borgaråsen.
- Skogområdet nedanfor hovedvegen på Sandvik ved den offentlege badeplassen.

Nøkkelbiotopar:

- Sævareidberget landskapsvernområde. Sjeldne lavarter finst på dei gamle, styva trea.
- Det gamle feltet med styva asketre på Tungesvikstranda. Lokaliteten har ein unik lavflora.
- Den store velutvikla edellauvskogen med styvingsfelt på Noreimstanda.
- Edellauvskogområdet på nordsiden av dalen frå Frette ved Stordalsvatnet inn til Øyno. Styva asketre og nokre almetre. Viktig fuglebiotop.
- Svartorstrandskog på Taraldsøy. Lokaliteten ligg nær nordgrensa for vegetasjonstypen si utbreiing i Norge.
- Frodig skog av sommareik i bratt, sørvendt skråning på Ytre Nes.
- Svartorskog på Ytre Nes.
- Eikeskog sydvest for Timpeltut.
- Edellauvskog på Mikjelstre.
- Alm-lindeskogsamfunn i ein nord-nordvest-vendt skråning ned mot Åkrafjorden.
- Gråor-askeskog med gamle askestyver på Rullestad, i lia aust for Smielva.
- Gråor-heggeskog-samfunn på Fitje. Vegetasjonsrest av flommarkskog som har stor botanisk interesse.
- Askedalen, bekkedal langs Prestbekken. Gråor og ask dominerer tresjiktet.
- Gråor-askeskog langs bekk i ravedal på Stødle.
- Gråor-heggeskog-samfunn på Gjerde.
- Svartor-gråor og hegg vest for idrettsplassen på Steine. Frodig lauvskog på våt mark langs bekken søraust for idrettsplassen.
- Skråning ned mot Sorelva med frodig, grovvokst skog i bratt sørvendt skråning ned mot Sorelva.
- Hellaugdalen har lauvskogpartier med eit særskilt rikt fugleliv.
- Langebudalen er med i utkast til verneplan for barlind og kristorn i Vest-Norge og blir verna i løpet av 2000.
- Eikemo har stadvise innslag av varmekjære arter, m.a. barlind.
- Bordalen er eit furuskogområde lite rørt av menneskelege inngrep og med turistløype. Viktig fuglebiotop.
- Fuktig skog med tresjikt av furu og bjørk på Børkjenes. Innslag av kristorn og visstnok også barlind.
- Etnedeltaet har rester av flommarkskog med stor botanisk interesse.
- Litledalsvatnet sitt utløp med naturleg lauvskog.
- Høylandstoska, eit vatn registrert som våtmarksområde. Hekkeplass for våtmarksfugl.
- Våtmarksområdet mellom Forevatnet-Høylandstoska
- Dalatjørna på Håland, den einaste lokaliteten i kommunen der den trua arten stor salamander finst.

Spellassar:

- Bordalen og Sördalen ved Rullestad
- Området Dalanuten/Hålandshovda/Sævareid
- Området Sandalia/Svelten mot skytebanen på Fikse
- Skogen nord for Børkjenesnuten/Sauanuten (Sandvikmarka)
- Tømmerheia på Ebne

Desse lokalitetane er også nøkkelbiotopar. Her er det svært rikt dyreliv, og t.d. store flatehogstar vil verka øydeleggjande. Ved avvirking bør ein her nytte varsame metodar som t.d. plukkhogst, småflater o.l. Då det m.a. er storfugl i områda vil det vere viktig å ikkje hogge trea på spelplassane. Det er forøvrig mange andre spelplassar i kommunen. Før eventuell hogst bør skogeigaren om han er usikker på eigen lokalkunnskap sjekke med viltkartet om slike spelplassar finst på eigedomen.

Etnevasdraget, inkludert vassdraget i Litledalen, er verna. Særskilte omsyn må takast i ein 100-meter sone på kvar side av vassdraget, med sideelver, større bekkar, sjøar og tjern.

Fjellbjørkeskogen er generelt eit svært viktig område for mange dyr og fuglar i kommunen. Vernskoggrensa i Etne er på 350 m.o.h. I området som ligg ovanfor vernskoggrensa skal det ikkje hoggast store flater og eit belte på 50 meter nedanfor tregrensa skal ikkje rørast.

5.2 Omsyn til kulturminne ved bygging av skogsveg.

Etne er ein kommune rik på kulturminne av ulike slag, noko som set store krav til planlegging som tek omsyn til dette. Ein finn og at det er eit høgt potensial for funn av ikkje registrerte kulturminne, særleg i sentrale strøk av kommunen. Ein kan mellom anna nemne steinalderbuplassar langs kystlinja og opp mot 30 meter over havnivå i dag, restar av gardsbusetnad frå jernalder skjult under flat mark på og i nærleiken til eksisterande gardar og i innmark. Utmarksområda i Etne kan også innehalde førhistoriske kulturminne som spor etter jernvinne, tjøremiler, kolgroper, øydegardar, ruiner og dyrkingslag. Bygningar som er eldre enn 100 år er SEFRAK registrert.

Kultureksjonen ved Hordaland fylkeskommune legg vekt på at ein tek omsyn til nyare tids kulturminne som steingardar, gamle vegfar, utlør og andre utmarksbygningar. Kultureksjonen må i samband med planer som landbruksvegar, vurdera i kva grad nye tiltak representerer vesentlege inngrep som kan påverka eller øydeleggja kjende og ukjende kulturminne og -miljø. I oversiktsplanen for skogbruket er det i første rekkje skogsbilvegane som representerer slike tiltak. Dei planlagde skogsvegane er i svært mange tilfelle tenkt som bilvegar som krev ein høg standard. Dei fleste planlagde vegane ligg nær opp til sentrale område og gardar i Etne-stader med både førhistoriske og nyare tids kulturminne og funn av gjenstandar frå førhistorisk tid. Det er berre i samband med planar nr. 2, 4, 6 og 17 (jfr. tabell bakerst i planen) at ein ikkje har opplysningar om funn eller fornminne i nærleiken av den planlagte skogsbilvegen. Dette vil sei at Kultureksjonen vil måtte synfare fleire planar for å vurdere i kva grad dei kan komme i konflikt med kjende eller ukjende kulturminne før ein kan komme med endelege uttale til søknadane om bygging av landbruksvegar. Kultureksjonen vil også leggja vekt på at ein tar omsyn til kulturlandskap ved bygging av skogsvegar og velteplassar. Kultureksjonen vil difor krevje at Etne kommune, når eventuelle søknader om landbruksvegar vert innvilga etter at den er handsama av Hordaland Fylkeskommune, Kultureksjonen, gjev dette med vilkår at: «Dersom det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med gravearbeid, må arbeidet stansast og Kultureksjonen få melding for ei nærare granskning på staden, Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 8, 2 ledd».

Alle kjende automatisk freda førhistoriske kulturminne er teikna inn på ØK kart. Kultureksjonen har i 1999, i samarbeid med Etne kommune, gjort ei revisjon av kartfestinga av

alle slike fornminne i Etne. Desse avmerkingane på ØK karta er no sendt Etne kommune, Teknisk etat. Landbrukskontoret vil ved vidare planlegging og sakshandsaming av landbruksveggar ta direkte kontakt med teknisk etat og kontrollera karta med omsyn til førhistoriske kulturminne.

6. HOVUDPLAN FOR SKOGSVEGAR

6.1. Innledning

Hovudplan for skogsveggar handler om den delen av det private og offentlege vegnettet som har stor tydnad for skogbruket i kommunen. Planen omhandlar difor skogsbilveggar og større og/eller viktige traktorveggar. Framtidig bygging av skogsbilveggar skal styrast til den delen av skogarealet som egner seg for aktivt skogbruk. Det er i tillegg ein betydeleg mengde driftsveggar (sekundærveggar) som ikkje er omtala i planen. Det vil og vere trong for sekundærveggar i tillegg til, og ofte i samband med, dei føreslåtte anlegga i planen utan at mengda er forsøkt kvantifisert.

Planen gir ein oversikt over eksisterande skogsbilveggar klasifisert i henhold til «Normalar for landbruksveier med byggebeskrivelse», Landbruksdepartementet 1997. På grunnlag av vegsituasjonen i dag er det vurdert kva som må til for å få ein optimal situasjon. Tiltaka er skildra som forslag i planen; kva som skal til av opprusting, ombygging og nyanlegg for at vegnettet skal fylle den sentrale rolla det må ha i samband med skogbruksaktivitet.

Det er allikevel viktig å minne om at det er grunneigar som har råderett over areala og at oversiktsplanen ikkje er bindande for kva tiltak som skal gjennomførast. Oversiktsplanen er ikkje en gjennomføringsplan, men den trekker opp hovudlinjene i forvaltninga av skogareala i kommunen. Oversiktsplanen vil være viktig når kommunen skal prioritere virkemiddelbruk og arbeidsinnsats.

Skogarealet er vurdert forskjellig med tanke på skogproduksjon og drift. Forskjell i marka sin produksjonsevne og tilgjengelighet, omsyn til vilt, kulturlandskap, miljø og friluftsliv er kriterier som påvirker vurdering av arealet. Sjå avsnitt 4.1. Klassifiseringen av skogarealet vil i sin tur avgjere om det er trong for veg i området.

6.2. Nøkkeltall

Vel 60 eigedomar er med i dei 45 skogsvegane som er bygt i Etne. Samla veglengd er omlag 70 km. Nesten alle desse vegane er enkle traktorveggar, få er skikka til heilårsbruk. Sams for veganlegga er og at det er laga for små velte- og samleplassar. Særleg med tanke på auka tømmermengder.

Alle grender på sør-sida av Åkrafjorden er bra dekkja med bilveggar. Europaveg 134 har bruksklasse 10. Fylkesvegane har stort sett bruksklasse 10, med unntak av strekningane Håfoss-

Rygg-Litledalen, Mo-Auestad og Håland-Vinja, som har bruksklasse 8. Kommunale vegar har for det meste bruksklasse 6 og 8.

På det drivverdige skogarealet, ca 40.000 da, er dekninga av skogsbilvegar tilnærma lik 0 m/ha. Gjennomsnitt for Hordaland fylke er 3,6 m/ha. I Etne må vegdekninga aukast mykje for å komma opp i ein tenleg dekningsgrad. Med det skogsterrenget vi har i kommunen må ein likevel setje kravet til bilvegdekning relativt lågt.

6.3. Eksisterande vegar

Private vegar

I Etne er det ca 1 km private skogsbilvegar. Sjå tabell under.

Namn: Vegen sitt namn i kommunen sitt skogsvegarkiv.

Vegl.: Vegen sin klasse etter LDs "Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse" juni 1997.

Lengde: Vegen eller parsellen sin lengde i meter.

Anmerkn: Kommenterar i samband med synfaring av dei eksisterande vegane.

Namn	Veikl.	Lengde/m	Anmerkning etter synfaring
Skytterbanen på Fikse	4	700	
Pengesteinvegen	4	60	
Slettedalsvegen	4	70	
Utstuen	4		Velteplass
Midthildervegen	4		Velteplass
Nonslivegen	4	630	
Sandvik	4		Velteplass
Flokatveit /Kvammen	4		Velteplass

Offentlege vegar

I Etne er det ca 178 km offentlege vegar. Det fordeler seg på 58 km Europavegar, 14 km riksvegar, 46 km med fylkesvegar og 60 km kommunale vegar. Av dei kommunale vegane er anslagsvis 45 km av interesse for skogbruket

Følgande fylkesvegar kan utgjere flaskehalsar for skogbruket:

- Fylkesveg 36, Håfoss-Rygg-Litledalen, med maksimal kjøretøylengde på 12,4 meter og maksimal totalvekt på 50 tonn. Bruksklasse 8.
- Fylkesveg 37, Mo-Auestad med maksimal kjøretøylengde på 18,75 meter og maksimal totalvekt 50 tonn. Bruksklasse 8.
- Fylkesveg 39, Håland-Vinja med maksimal kjøretøylengde på 12,4 meter og maksimal totalvekt 50 tonn. Bruksklasse 8.

Dei fleste kommunale vegane har bruksklasse 6 og 8 med 12,4 meter som begrensning på kjøretøylengde, og er vesentlege flaskehalsar for tømmertransporten. Det vil vere stor transportgevinst for skognæringa knytta til opprusting av delar av det kommunale vegnettet som

har for lågt akseltrykk. Etne kommune kan oppjustere mange av sine vegar til bruksklasse T (tung) 8 utan store tekniske utbetringar, slik at dei blir lovlege å kjøre på for tyngre kjøretøy. Regelverket i kommunen må da skrivast om.

Den kommunale kaien blir viktig for utskiping av tømmer i komande 10-årsperiode. Det vil da vere påkrevd etablere eit oversikteleg system for koordinert bruk av kaien.

6.3 Foreslåtte tiltak.

Planen har forslag om tiltak på ca. 20,9 km veg. Av dette er ca 16,3 km anlegging av nye vegar og ca 4,6 km ombygging eller opprusting av eksisterande vegar. Dei foreslåtte tiltaka som er innteikna på kartet er å sjå på som eit utgangspunkt for å planlegging. Dei signaliserer at det i det aktuelle området står så mykje skog at det synest fornuftig å byggja veg. Å sette nøyaktig vegtrase, lage veglag osv. må gjerast når grunneigarane i dei ulike områda ønsker å realisera planane om veg.

Forklaring til tabellen under:

<i>Prosj. nr:</i>	Prosjektnummer på kartvedlegget.
<i>Vegnamn:</i>	Namn på det foreslåtte anlegget.
<i>Vegklasse:</i>	Vegklasse etter landbruksvegnormalane som ein foreslår å byggja anlegget i: 3 = heilårs bilveg, 4 = sumarbilveg og 7 = tung traktorveg.
<i>Ny/Omb/Vedl.:</i>	N = nyanlegg. O = ombygging av eksisterande bil- eller traktorveg (heving av vegklasse). V = vedlikehald (ikkje endring av vegklasse)
<i>Lengde:</i>	Kor mange meter veg ein foreslår å byggja.
<i>Vegkost.</i>	Ca. kostnad per meter - (mellom kr. 150 og kr. 350 for traktorvegar og mellom kr. 400 og 700 for bilvegar).
<i>Anlegg:</i>	Særskilde tekniske anlegg.
<i>Totale.:</i>	Ca. totalkostnad for veganlegget.
<i>Ståande masse:</i>	Kubikkmasse i hogstklasse 4 og 5 i vegen sitt nedslagsfelt. Kubikkmassen er eit anslag.
<i>Prod. areal.</i>	Antal dekar produktiv skog i vegen sitt nedslagsfelt
<i>H/M/L</i>	Nedslagsfeltet sin antatte gjennomsnittlege produksjonsevne. H (høg) = 0,6, M (middels) = 0,4 og L (låg) = 0,2 m ³ / da og år
<i>Vegkost:</i>	Vegkostnad per m ³ i vegen sitt nedslagsfelt. Kubikkmassen er rekna etter nedslagsfeltet si produksjonsevne i 25 år.)
<i>Innsparing:</i>	Kva for type gevinst som blir oppnådd ved tiltaket

Prosj nr.	Vegnavn	Veg kl.	Ny Omb Vedl	Lengde m	Veg-kost kr/m	Anlegg Type - kr	Totale kostn. kr	Stående masse m3	Veg-kost kr/m3	Type gevinst ved tiltaket. Innspart kjørelengde, heving av vegklasse eller få tak i tidlegare ikkje tilgjengelege areal.
1	Sjøhus	3	N	600	450		630.000	9.000	70	Få tak i tidlegare ikkje tilgjengeleg areal.
2	Tendal	7	N	1200	300		535.000	9.000	60	Få tak i tidlegare ikkje tilgjengeleg areal.
	Dudalskarhaugen	7	N	800	150					
	Vestre traktorveg	7	N	900	150					
3	Ebne	4	N	300	500		490.000			Redusert terrengtransport. Få tak i tidlegare ikkje tilgjengeleg areal.
	Sandvik	7	N	800	250			7.000	70	
	Garvik	7	N	700	200					
4	Ravnafjellet	7	N	300	200		260.000	3.000	86	Få tak i tidlegare ikkje tilgjengeleg areal.
	Dalsberget	7	N	1000	200					
5	Hellandsvegen-øverst	7	N	500	200		180.000	2.000	90	Få tak i tidlegare ikkje tilgjengeleg areal.
	Nervikvegen-nederst	7	N	900	200					
6	Seldalsvika	4	N	400	500		370.000	3.000	123	Innspart kjørelengd. Få tak i tidlegare ikkje tilgjengelege areal.
	Hellandsåsen	7	N	300	300					
	Seldalsåsen	7	N	400	200					
7	Silda	7	N	1000	200		200.000	4.000	50	Få tak i tidlegare ikkje tilgjengeleg areal.
8	Fløkatveit	3	N	300	500		150.000	13.000	46	Innspart kjørelengd. Betra atkomst for dei som bur på Håheim.
	Håheim	3	0	900	500		450.000			
9	Øygarden	4	N	500	400		500.000	7.000	71	Få tak i tidlegare ikkje tilgjengeleg areal.
	Langeland	7	N	300	1000					
10	Åsbø	7	N	200	200		40.000	1.000	40	Få tak i tidlegare ikkje tilgjengeleg areal.

Prosj nr.	Vegnavn	Veg kl.	Ny Om b Ved l	Leng de m	Veg- kost kr/m	Anlegg Type - kr	Totale kostn. kr	Ståand e masse m3	Veg- kost kr/m	Type gevinst ved tiltaket: Innspart kjørelengde, heving av vegklasse eller få tak i tidlegare ikkje tilgjengelege areal.
11.	Grindheim	4	N	500	500		250.000	2.000	125	Innspart kjørelengd.
12.	Sjonarkleiv	7	O	500	350		175.000	5.000	35	Innspart kjørelengd.
13.	Rusvegen	4	O	1500	350		525.000	8.000	66	Heving av vegklasse. Innspart kjørelengd.
14.	Fosse	4	N	1300	550		715.000	10.000	72	Innspart kjørelengd.
15.	Enerhaug	3	O	1000	400		400.000	12.000	66	Innspart kjørelengd.
16.	Gjerde	4	N	800	500		400.000			Innspart kjørelengd.
17.	Gjerdsvik	4	N	300	500	Avkjøring velteplass	150.000	7.000	21	Innspart kjørelengd. Opprusting av avkjøring og velteplass.
18.	Sørstranda	3	N	2000	500		1.000.000	16.000	63	Innspart kjørelengd.